

# Sluttrapport – Lokalt trafikksikringsarrangement- økonomisk støtte – 2017

Odda Vidaregåande Skule

## Gjennomføring av arrangementet:

Arrangementet er eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt mellom den vidaregåande skulen og alle naudetatane i kommunen. Naudetatane informerar om ulike risikotypar i tilknytning til trafikk, og orienterar om sin rolle ved ei alvorleg ulykke. Ei alvorleg bilulykke vert visualisert gjennom eit bilslepp, der ein får sjå kva rolle dei ulike etatane har og korleis dei samarbeider. Etatane stiller på ulike stasjonar med folk og utstyr, slik at elevane får god kunnskap om dei ulike sidene ved eit naudetatsystem. Statens vegvesen stiller med alkobriller, Veltepetter og Bråstopp, som er stasjonar der elevane får kjenna på kroppen ulike «faremoment».

Prosjektet fungerer svært bra. 120 elevar hadde ein viktig, nyttig og lærerik dag, der dei sat att med ein sterke inntrykk til ettertanke.

## Prosjektet sette fokus på:

- Fart og rus
- Bruk av bilbelte
- Mobilbruk o.l. i samband med bilkøyning
- Kva gjer ein når ein kjem til ein ulykkestad
- Livreddande fyrstehjelp
- Korleis etatane samarbeider ved ei ulykke

I tillegg er denne dagen ei nyttig samarbeidsøving for etatane, der dei får øving i koordinering av rollane på ein ulykkestad.

## Planar framover:

Skulen har kontinuerleg fokus på dette med trafikktryggleik, og kjem til å fortsetje med det. Trafikktryggleiksdagen er eit godt tverrfagleg opplegg, som vil vert arrangert også til neste vår.

## Rekneskap:

	Utgifter	Inntekter
Thord Paulsen AS; Klargjering og henting av bilvrak	2800,-	
Odda Kranutleige; Mobil kran til slepp av bilvrak	4000,-	
Odda Kommune; Kostemaskin og opprydding	4000,-	
Odda Vidaregåande; Mat og drikke til 16 besøkande	1000,-	
Støtte frå etatane og Odda VGS		6800,-
Støtte frå HFK		5000,-
Totalt	11800,-	11800,-

Mvh

Hildegunn Espe, tidlegare elevinspektør Odda vgs